




Møre og Romsdal fylke



Finansdepartementet
Postboks 8008 Dep
0030 Oslo



Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	15.11.2007	FE: 2007/1168/IDMO/441	Bjarne Otnes, 71258469	18.12.2007

Utgreiing om betaling for bruk av areal i kystsona - Innspel

Vi viser til brev av 15.11.2007 til fylkesmannen og fylkeskommunen frå Finansdepartementet, der ein ber om innspel til utgreiing om betaling for bruk av areal i kystsona. I samsvar med einskapsfylkeordninga kjem våre synspunkt samla.

Utgreiingsarbeidet er ei oppfølging av regjeringa sin strategi for ei konkurransedyktig norsk havbruksnæring, jf. presentasjon på AquaNor 14.08.2007. Vi les likevel brevet slik at utgreiingsarbeidet ikkje berre berører havbruksnæringa, men også andre typar verksemdar og aktivitetar som er arealkrevjande, ekskluderande og/eller konfliktfylt i kystsona. Dette trur vi er ein riktig måte å tilnærme seg spørsmålet på, då det er/kan vere fleire aktivitetar som medfører ulemper utan at kommunane har sjanse til å nyte godt av inntekter.

Møre og Romsdal fylke har så langt ikkje vurdert nøye dei konkrete spørsmåla som blir stilt i departementet sitt brev, men har forsøkt å vurdere ulike sider som berører vår rolle som myndigheitsutøvar etter plan- og bygningslov og forureiningslov, og som fagmyndigheit på naturvern og allmenne interesser. Våre synspunkt er i hovudsak knytt til akvakultur, men er i nokon grad også allmenngyldig.

Saka har ikkje vore politisk handsama i Møre og Romsdal fylkeskommune, men vi vil vise til at Nærings- og miljøutvalet i uttale til høyring om akvakulturlova i 2005 er positiv til arealavgift for havbrukslokalitetar. Utvalet foreslår at lokalitetstildeling blir tufta på ei verdivurdering av lokaliteten gjennom ein auksjon. Godtgjersla for bruk av lokaliteten må komme kommunen til gode. Uttalen er lagt ved.

Ut i frå Møre og Romsdal fylke si rolle som statleg fagmyndigheit vil eit auksjonsprinsipp kunne komme i konflikt med dei faglege kriteria som ligg til grunn for sakshandsaming etter særlovene. I utgreiingsarbeidet må ein vurdere nøye kva verknader ulike avgiftsmodellar har i så måte.

På sikt reknar vi med at dei aller fleste kommunane vil fastsette arealavgift, litt avhengig av kor positive/negative dei er til dei aktuelle aktivitetane, og av om enkeltkommunar ønsker å ha det som eit konkurransefortrinn at dei er avgiftsfrie. I så fall vil dette stimulere kommunane til å legge til rette for akvakultur/andre aktivitetar gjennom kystsoneplanar og næringspolitikken elles. Presset i forhold til andre arealbruksinteresser vil difor auke.

I utgreiingsarbeidet bør ein nøye vurdere om den sterke økonomiske eigeninteressa kommunane vil få i å legge til rette for aktivitet i kystsona vil svekke kommunane sin habilitet som planmyndigheit. Arealavgifta vil ikkje verke inn på plansystemet som sådan, og regionale og statlege motsegnmyndigheiter vil kunne ivareta regionale og nasjonale arealinteresser som før. For lokale arealinteresser vil auka press som følgje av arealavgifta medføre større risiko for at dei blir skadelidande. Kommunane sin autoritet som uttalepart i t.d. akvakultursaker og kraftutbyggingssaker kan bli tilsvarande svekka.

Dersom det blir innført ei arealavgift vil det kunne bidra til ein uheldig dispensasjonspraksis i kommunane. Ein bør difor vurdere å avgrense adgangen til å kunne kreve avgift på lokalitetar som ikkje har hatt ei fullgod planbehandling.

Når det gjeld forureiningsmessige og allmenne omsyn vil det vere uheldig dersom ulike regimer for arealavgift kommunane i mellom påverkar lokaliseringa av oppdrettsanlegg. Dei fysiske og biologiske kvalitetane ved oppdrettslokaliteten saman med øvrige allmenne interesser bør vere styrande for plasseringa av oppdrettsaktiviteten i kystsona. Dersom mindre eigna lokalitetar blir valgt ut i frå økonomiske og politiske omsyn blir både miljøet og næringsinteressene skadelidande på sikt.

Med helsing


Ottar Brage Guttelvik
Fylkesdirektør


Idar Mølsæter
Plansamordnar

Vedlegg: Sak NM-8/05A – Lov om akvakultur - Høyringsuttale

Møre og Romsdal fylke
*Vedlegg til brev*Vedtak:: Nærings- og miljøutvalet
Møtedato: 08.02.2005

Sak : NM-8/05 A -- LOV OM AKVAKULTUR - HØYRINGSUTTALE

Konkurransekraft.

Møre og Romsdal er i dag det tredje største oppdrettsfylket i landet. Fylket har lenge vore det leiande på oppdrett av aure. Når det gjeld oppdrett av marine artar som torsk og kveite står fylket og i fremste rekkje.

Etter Nordland har Møre og Romsdal den lengste kystlina i landet. Miljøtilhøva er truleg dei aller beste med omsyn til alle dei store former for oppdrett vi driv i dag. Det finnt sær mange gode lokalitetar, godt skjerma og med god resipientkapasitet. Vintertemperaturane er jamt høge, medan det skjeldsynt vert for varmt om sommaren. Med omsyn på å byggje ei konkurransekraftig næring, bør difor Møre og Romsdal prioriterast høgast når det gjeld tildeling av ressursar og konsesjonar. Dette har fram til no ikkje vore tilfelle.

Skal ei næring få konkurransekraft, må det ikkje leggst unødige hindringar og reguleringar på næringsutvarane sin handlefridom. Med dette som ståstad, bør oppdrettsverksemd difor i prinsippet ikkje avgrensast av andre faktorar enn omsynet til miljø, dyrevelferd, matvaretryggleik og andre brukarinteresser. Desse faktorene er i alle høve knytt direkte til lokalitetane, og avgrensingar må difor leggjast på desse. Konsesjonar er ut frå dette ikkje naudsynt anna enn for å sikre oversikt og at utøvarane stetter fastsette minstekrav. Møre og Romsdal fylke finn det rett at konsesjonsordninga blir ført vidare, men at talet på konsesjonar i prinsippet ikkje skal vere avgrensa. Så lenge vårt tilhøve til den viktigaste marknaden i EU ikkje er avklara, kan ein likevel sjå det føremålstenleg å avgrensa nytildeling av konsesjonar. Dette er i samsvar med uttale til NOU 2004:19: "Livskraftige distrikter og lokalsamfunn" frå fylkestinget i Møre og Romsdal (sak T-76/04), der fylkestinget støtter mindretalet i utvalet som seier:

"Dagens konsesjonsordningar for havbruk legger begrensninger på næringen. Konsesjonsvilkårene bør derfor liberaliseres slik at ordninga erstattes av en godkjenningsordning i forhold til miljø, veterinærmessige og arealmessige forhold. En slik vesentlig omlegging i ordninga må tilpasses utviklinga i EU, slik at en endring ikkje vil påføre næringa nye straffetiltak. Det bør vurderes hvorvidt kommunene bør ha endelig godkjenningsmyndighet".

Tilrettelegging av lokalitetar må ut frå dette skje på kommunalt nivå og godkjennast av rette tilsynsmyndighet. Konsesjonshavarane kan i dag fritt nytte lokalitetar innanfor same fylke. Rett til å bruke lokalitetane må då og kunne tildelast av og kommunen. For å få til naudsynt dynamikk, kan det også vere tenleg å avgrense bruksretten i tid, til dømes 10 år. Tildelinga bør tuftast på ei verdivurdering av lokaliteten gjennom ein auksjon. Gode og attraktive lokalitetar får høg pris, mindre attraktive lågare pris. Godtgjersle for bruk av lokaliteten må kome kommunen til gode. Dette er i samsvar med innstilling i NOU 2004:19:

"Dagens konsesjonsavgifter for havbruk bør avvikes og erstattes av en arealavgift som tilfaller kommunene. Hvordan denne skal utformes i forhold til henholdsvis gamle og nye anlegg må avklares nærmere."

Havbruksnæringa er framleis i rask utvikling og endring. Særleg i grensesnittet mellom fiskeri og havbruk skjer det mykje og omgrepet "fangstbasert akvakultur" har vorte sær aktuelt. Møre og Romsdal Fylke vil peike på at ei nærings- og samfunnsgagnleg utvikling ikkje må hindrast av eit lov- og regelverk på andre område i utakt med ønska utviklinga. Ein finn desse tilhøva lite klargjort i framlegget til lov om akvakultur, og ein føreset og at andre lover og regelverk vert tilpassa den utviklinga som skjer på eit fornuftig vis.

Møre og Romsdal Fylke meiner det framleis kan vere tenleg å ha ei viss eigarskapsavgrensing. Ein støttar framlegget om at konsesjons- og lokalitetsrettar skal kunne pantsattast.

Forenkling

Møre og Romsdal Fylke støttar forslaget til forenkling og effektivisering av sakshandsamingsrutiner. Det bør vere ein søknadsstad og ein gebyrstad med faste tidsfristar for sakshandsaming. Om tidsfristane ikkje vert haldne, må dette føre til at gebyra vert minska.

Godt miljø.

I ein biologisk produksjon som havbruk er det heilt naudsynt å drive i pakt med dei vilkåra miljøet set. Ein havbrukar som forureinar, gjer størst skade på seg sjølv. Likevel vil oppdrett alltid ha ein innverknad på miljøet. Målet må vere at drifta skal vere bærekraftig og påverknaden ikkje skal ha langvarige skadelege verknader eller vere til ulempe og skade for andre. Innføring av MOM (system for miljøovervåking) og sertifisering av anlegga er sers gode verkty til ytterlegare betring av miljøtilhøva i havbruk.

Møre og Romsdal fylke finn det rett at Fiskeridirektoratet skal vere tilsynsmyndigheit. I høve til dyrevelferd og matvaretryggleik må det nedfellast gode samarbeidsrutiner med Mattilsynet.

Arealbruk.

Sjølv om kystlina i Noreg er lang, ser ein alt no mange døme på at det vert konflikt mellom havbruk og andre interesser om arealbruk i kystsona. Møre og Romsdal fylke legg difor stor vekt på at lovverket gjer ei effektiv utnytting av arealet i desse

områda mogeleg. Utarbeiding av kystsoneplaner bl.a. gjennom interkommunale samarbeid, og samordning av planer og lovverk vil vere viktig for å nå dette målet

Sluttkommentar.

Det framlagde utkastet til ny lov om akvakultur er i stor grad ei tilpassing til den praksisen som alt er nedfelt og vil i så måte vere eit tenleg verktøy. På nokre område kan ein stille spørsmål om utkastet stettar krav til dynamikk og fleksibilitet som må til for å gje næringa naudsynt konkurransekraft i framtida.